



# DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokneråd

## Særutskrift for Radøy sokneråd

---

Tid: 12.12.2017

Radøy sokneråd har i møte den 12.12.2017 hatt denne saka til handsaming:

### **2017/23 (F) Bøvågen områdeplan - uttale**

#### **UTGREIING**

Radøy kommune har i brev av 13.11.2017 varsla at dei legg ut kommunedelplan for Bø til høyring. Føremålet med planen er å leggje til rette for ny busetnad og aktivitet i samsvar med hovudtrekka i arealføremåla til gjeldande kommuneplan. Merknader må vera framsett skriftleg innan 27.12.2017.

Det vart i 2015 starta arbeid med å lage områdeplan for Bøvågen. Føremålet med denne planen var å utvikle tettstaden Bøvågen med fleire heilårsbustader og servicetilbod. Soknerådet hadde saka oppe den 10.06.2015 og sendte merknad vedrørende planlagt parkeringsareal for Hordabø kyrkje, sjå vedlegg.

Merknaden frå Radøy sokn er ikkje omsyntatt i det nye planframlegget.

Parkeringstilhøva ved Hordabø kyrkje er ikkje optimale. Når det er mykje folk i kyrkja, på konsertar og i ein del gravferder, er parkeringsplassen for liten. Dei som skal til kyrkja parkerer på austsida av vegen mot Bøtjørna og på P-plassen til butikken. Dette er lite tilfredstillande for alle involverte.

I vår kommunikasjon med kommunen har vi peika på arealet som ligg mellom fylkesvegen og Bøtjørna. Eigar er Radøy kommune. Ulempen med å nytte dette arealet er at folk må krysse vegen når dei skal i kyrkja. Etter samtale med planleggar er det faglege grunnar til at ein ikkje ønsker parkering på andre sida av vegen.

Dersom det vert opparbeida parkering på austsida av fylkesvegen, kan ein legge til rette for kontrollert kryssing av vegen i motsetning til dagens situasjon. Denne løysinga vil, slik vi ser det, verta ei stor forbetring. Kyrkja vil ha bruk for denne plassen anslagsvis 20 -25 dagar i året. Det vil vera mogeleg å nytta plassen til offentlege eller eventuelt andre føremål resten av året.

Alternativt kan det vurderast å utvide p-plassen noko mot Bunnpris sin butikk. Det er ei kostbar løysing og vil heller ikkje gje mange p-plassar, men kan avhjelpa situasjonen noko.

I sin omtale skriv kommunen at det er lagt inn større offentleg areal til kyrkja då eksisterande areal er so trangt at mange parkerar langsetter fylksevegen ved større

arrangement. Slik vi forstår det ligg dette arealet sør for kyrkja på privat grunn og er etter vår vurdering lite eigna. Det er meir komplisert å legge til rette og krev mest truleg også at arealet vert ekspropiert.

Det er uansett viktig å finna løysingar som kan realiserast innan rimeleg tid og med lave kostnader.

Vi vil derfor kome med merknad til plassering av planlagt parkeringsareal og ber primært om at parkering vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Radøy sokneråd ber om at planlagt parkeringsareal ved Hordabø kyrkje vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.

### **HANDSAMING**

Soknerådet ser at det er trong for meir plass til parkering ved Hordabø kyrkje og set pris på at Radøy kommune har tatt omsyn til dette. Rådet er likevel skeptisk til val av areal i forhold til å kunna få realisert planene innan overskueleg framtid.

Området rundt Bøtjørna er i kommunal eige og har eit stort potensiale for rekreasjon og aktiviteter. Det er mykje folk og aktivitet på vatnet når det er islagt. Arealet på denne sida av vegen vil kunna tena fleire føremål dersom ein legg til rette for det.

Rådet meiner at dei trafikale utfordringane knytta til kryssing av vegen må kunna løysast med gjerde og styrt overgang over fylkesvegen. Det vil bidra til eit tryggare trafikkbilde i forhold til dagens situasjon med tilfeldig parkering langs vegen.

### **VEDTAK**

Radøy sokneråd ber om at planlagt parkeringsareal ved Hordabø kyrkje vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.

Tilrettelegging av området vil kunne bidra til å styrke friluftaktivitetar i nærmiljøet, t.d. vinteraktivitetar på Bøtjørna når den er islagt. Det vil også bidra positivt til eit tryggare trafikkbilde.

Radøy sokneråd  
Audun Sylta